

133  
Friden 9/12 - 1964  
**Myrke framtidssyner**

Når heidendom på nytt seg roter, vinn makt i vårt styringsverk,  
og hugram kristenlivet møter med gudlaus åndsmaakt, kald g  
sterk,  
i heim, i ting og kunnskapsborg, då veks der fram ei folkesorg.

Me ottast for at slikt kan henda. Han no so freidig fram seg ter.  
Og vil oss burt frå Herren venda, so me mot andre leider ser.  
Han gjev oss møro, vin og mat. Gjer folkesjæll paddeflat.

Vår Bibel skal no rivast sunder. Han er 'kje meir å lita på.  
Den unge ætt hev ikkje stunder til meir i Bibelsoga sjå.  
Forklaring, Bod og salmevers, dei fell vår hug so reint på tværs.

For under-store verds-vitskapen den gamle Bibel no lid tap.  
Dei meiner at det er frå apen me hev vårt opphav og vårt skap.  
«Moderne» mann er ættekjær. Av denne arv so byrg han er.

Difor må «Barnelærdomsaget» no bytast burt i andre fag.  
For lesnad av moderne slaget er det vår ungdom treng i dag.  
No gjeld det at dei alle kan den kriminelle sex-roman.

Me fær då høgare rang og sæte om me chjipansen ættar frå,  
enn vera skapt i Guds bilete, det må då alle klårt forstå  
Det tykkjest greidt at eingong var gorillaen vår stammefar.

So burt med alt som vil oss hin dra å fylgja heilt vår eigi lyst.  
Me ser 'kje høgare stjerner tin dra enn dyret i vårt eige bryst.  
Og denne drott skal no oss ri i frå det kristne tyranni.

Johs. M. L. Rydland.

135  
Dagen 24/1 - 1964.  
**Me Solhov frå høgdena fekk**

Me Solhov frå Høgdena fekk, med glans ifrå Krubba til Kross,  
der Frelsaren dødsvegen gjekk, og Livsvegen opna for oss.  
Den Soli ho glada 'kje av, men nådde sin fagreste topp  
hin morgon ho rann ved hans grav, då Jesus stod sigrande op.

Du verd, for ei gáva det var, vår Frelser til menneskja vann,  
då syndi til krossen han bar, og æveleg utløsning fann.  
Me, som 'åverdige er, ureine frå hovud til fot — — —,  
oss, Gud reitferdige ser, kvar ein denne gáva tek mot.

Der finst ikkje fagrare pakt i Himmelen eller på jord  
enn denne, som stødt står ved makt, ved Nådens urikkande i  
Tenk, utløyst or djevelens garn, frå tusundtals synder og meir  
til Himmelen arving og barn, som Frelsaren, skuldlaus og rein.

\*

Du fredause, flakkande sjæl, som midt i den lystige leik  
hev røynt korleis ormen frå hel, deg allstødt so syrjeleg svei.  
Å, snu frå din jårlege veg. Stig inn i den Solrenningsglans  
som Frelsaren tendra for deg. — Stig inn, og bli æveleg hans.

Hans kjærleik, den eig Du frå før, å, gjev han din kjærleik igjen.  
No står han der utfor di dør og bankar, din trugnaste ven.  
Det går over samling og sans: Han ynskjer å få deg til brud.  
Opp, og legg handi i hans, og fylg han so heimatt til Gud.

JOHS. M. L. RYDLAND

Skrevet i januar måned 1964

134  
**Dansen om gullkalven**

I dag gjeng dansen i Noregs land  
i kring ein gullkalv frå velferds-  
staten.  
Me syng og tilbed og hyller han  
som hev slik omsorg for folkeboten.  
Men denne dansen i mammons-  
glansen  
tek frå vårt folk både syn og sansen  
for Herrens Ord.

No hev me nøgdi av vin og mat —  
På mynt og møro det ikkje skortar.  
Og difor ligg me so paddeflat  
som ku på båsen og vælnøgd jortar.  
Å, kor me trengjer til sjæleevngjer  
som lyfter oss gjennom alt som  
stengjer  
vår veg til Gud.

Eit dvorsord som me visst hev  
gløymt

me treng i dag få oss lagt på minne  
Det i vår Bibel til oss er gøymt.  
No hev me grunn til å fram det  
finne:

Om gullkalv-glansen med cere-  
kranzen,

Og i verset dom om avgjaldslausen  
i Torah.

136  
Værhalsing  
**I Guds stilla**

Når livsens vonbrot og motgangsstraumar,  
og storstorm rasar for lause taumar,  
so bylja båten til avgrunns set —  
Å, gjer som dei, på Genesaret.

Din frelsar enno kan under gjera.  
Han kan i stormen deg berga, bera.  
Han hev alt lenge din fåre set.  
Han enn kan stilla Genesaret.

Tak han til førar for båt og styre,  
so gjer han røyndom av eventyret —  
Du kan få oppleve — tenk so rart —  
at han kan gjera det kvitt av svart.

Kjem du og frelsaren i sameining,  
so fær ditt liv både mål og mening.  
For livsens lagnad og livsens plan  
kan ingen ordna med, slik som han.

Og om han sol eller stormar sender,  
du er då allstødt i gode hender.  
Frå synd og sorger og sjelesår,  
ei evig frelsa hjå han du får.

Johs. M. L. Rydland.